



**BREMANGER KOMMUNE**  
**PLO/HELSE**

# **PLAN FOR DET PSYKOSOSIALE KRISETEAMET I BREMANGER KOMMUNE**

**HEIMLA I LOV OM HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP, AV 23.JUNI 2000  
NR.56 § 2-2, 1.LEDD. SIST ENDRA 24.JUNI 2011 FRÅ 01.JANUAR 2012.  
Ansvar for revidering: Leiari i kriseteamet  
Sist revidert: 31.12.2019**

---

## **INNHOLD:**

- 1.0 MÅL
- 2.0 KRISETEAMET SIN PLASS I OVERORDNA PLAN
- 3.0 IGANGSETTING AV KRISETEAMET
- 4.0 DØME PÅ ANSVARSKJEDEN VED PSYKOSOSIALT BEHOV
- 5.0 DØME PÅ HENDINGAR DER KRISETEAMET KAN NYTTAST
- 5.1 DØME PÅ MÅLGRUPPER FOR KRISETEAMET
- 6.0 KRISETEAMET SITT FØRSTE MØTE MED BERØRTE
  - 6.1 Arbeidsfase
  - 6.2 Samarbeid i forhold til skular og barnehagar
- 7.0 LOGG
- 8.0 KRISETEAMET SI TILBAKETREKKING
  - 8.1
- 9.0 UTGIFTER KOMMUNEN MÅ REKNE MED VED EI KRISE
- 10.0 INNKVARTERING
- 11.0 OPPDATERING AV PLANEN FOR KRISETEAMET
- 12.0 TEIEPLIKT FOR KRISETEAMET
- 13.0 DISTRIBUSJON AV PLANEN

**VEDLEGG 1: MEDLEMMAR I KRISETEMAET**

**VEDLEGG 2: LOGGSKJEMA**

## **1.0 MÅL**

Hjelpe innbyggjarane til å avgrense/lindre omfanget av psykiske påkjenningar dei kan verte utsette for i samband med kriser (og katastrofer), i krig og fredstid.

## **2.0 KRISETEAMET SIN PLASS I OVERORDNA PLAN**

- Kriseteamet sitt tilbod er å rekne som førebyggjande miljøretta helsevern, jf. KHI §§ 1 – 3 og 2 – 1.
- God handtering av livstrugande og kritiske situasjonar kan redusere uheldige langtidsverknader.
- Intervensjonen skal ikkje ta frå individ, familie, vene eller nærmiljø det ansvar dei har for seg sjølve og kvarandre, men vere eit støtteapparat som kan setjast inn når det er naudsynt.

## **3.0 IVERKSETTING AV KRISETEAMET**

**Krisetemaet er ein del av Bremanger kommune sin beredskap, og vert utløyst når til dømes politi, lege/legevakt eller ambulanse kontaktar gruppa.**

Det lokale beredskapsorgan og nøkkelpersonar vert varsla – jf. den kommunale overordna beredskapsplanen. Om dei vurderer å setje inn personale frå kriseteamet jamfør vedlegg 1. Den i gruppa som vert kontakta, varslar så dei andre medlemmane. SMS skal sendast til medlemmane i gruppa om at kriseteamet er sett i gang. Dette er ein informasjon som skal svarast på per SMS med mld.: «motteke». Dei som skal vere med ut på oppdrag, vert oppringde.

Leiar i kriseteamet skal varslast fyrst om han/ho er tilgjengeleg. Dersom ikkje leiar er tilgjengeleg, må den i gruppa som er varsle ta ei vurdering av situasjonen, varsle leiar og nødvendige medlemmar straks.

### **3.1 Kriseteamet sine medlemmar (sjå vedlegg 1)**

Vedlegg 1:Kriseteamet sine medlemmar vert oppdaterte årleg eller ved behov.

Det er ynskjeleg at medlemmar av gruppa gjev beskjed til leiar dersom ein ikkje er tilgjengeleg over lengre tid, og ved endring av telefonnummer.

### **3.2 Oppmøtestad**

Dersom anna ikkje er avtala, skal kriseteamet, eller dei som er innkalla, samlast i formannskapssalen på rådhuset i Svelgen. Om gruppa skal samlast i ytre eller på Davik, kan ein nytte Haugetun og Klokkartunet på Davik.

*Sorgtine:* Sorgtiner er plassert i lokala til Familie og Helse, rådhuset i Svelgen og på Haugetun.

Sorgtina inneheld mellom anna kvite dukar, tre lysestakar, telys, cd, fargestiftar og fotoramme. Dei som har tilgang til *Sorgtinene* tek desse med seg i dei situasjonane ein tenkjer dei skal nyttast.

## **4.0 DØME PÅ ANSVARSKJEDEN VED PSYKOSOSIALT BEHOV**

1. Sjølvhjelp
2. Familie og vene
3. Nærmiljø og lokalsamfunn
4. Primær helse- og sosialteneste
5. Psykisk helsevern Førde

## **5.0 DØME PÅ HENDINGAR DER KRISETEAMET KAN NYTTAST**

- Ulykker der menneske dør eller vert skadde.
- Dramatiske dødsfall (til dømes sjølvmord).
- Andre kriser der mennesker treng hjelp til innkvartering/anna praktisk bistand.
- Hendingar som skjer utanfor Bremanger kommune, men som fører til at innbyggjarar i Bremanger er å definere som etterlatne eller pårørande.

### **5.1 Døme på målgrupper for krisetemaet**

- Overlevande, med eller utan skade, samt deira pårørande både born og vaksne.
- Etterlatne
- Redningspersonell/hjelpepersonell
- Berørte utanfor familien, t.d. skulekameratar/arbeidskollegaer/venner.
- Tilstodarar.

## **6.0 KRISETEAMET SITT FYRSTE MØTE MED BERØRTE**

- Kartleggje omfanget
- Kartleggje kven som eventuelt kan få sterke etterreaksjonar
- Informasjon om kva krisetemaet kan bidra med
- Eventuelt formidle kontakt med hjelpeapparatet

## **6.1 Arbeidsfase**

- Består av ulike tiltak, t.d. samtalar, bearbeiding og debriefing.
- Skaffe oversikt over kven som treng individuelle samtalar og kven ein kan arbeide med i gruppe.
- Kriseteamet informerer om naturlege krisereaksjonar.
- Gje tilbod om vidare hjelp enten frå den kommunale tenesta for psykisk helse, eller hjelp frå andre tenester i hjelpeapparatet.
- Arbeidsfase varer dei **tre fyrste døgna** etter hendinga.
- Vurdere å kontakte andre instansar for å innhente informasjon før kriseteamet reiser ut på oppdrag.
- Vurdere behov for minnestund/open kyrkje i samråd med pårørande .

## **6.2 Samarbeid i forhold til skular og barnehagar.**

Dersom personalet ved skular og barnehagar ynskjer å diskutere krisesituasjonar og korleis dette kan handterast, kan ein ta kontakt med kriseteamet for rettleiing og støtte.

Dersom kriseteamet ikkje har tilstrekkeleg kompetanse i ein situasjon, skal teamet innhente nødvendig kunnskap frå t.d. RVTS Vest (Regionalt ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging) eller Helse Førde.

Kriseteamet har tilgjengeleg «Kriseperm for grunnskolen», som vi kan låne ut. Krisepermen er plassert i lokala til Familie og Helse.

## **7.0 LOGG (vedlegg 2).**

Parallelt med arbeidet skal det førast logg, og leverast til til leiar for krisetemaet for arkivering. Tiltakskort for loggføring.

## **8.0 KRISETEAMET SI TILBAKETREKKING**

- Kriseteamet skal vere tilgjengeleg dei **tre første døgna** etter hendinga.
- Om det er behov for hjelp utover arbeidsfasen som kriseteamet fastset, skal vidare hjelp dekkast av det kommunale hjelpeapparatet. Ved meir omfattande hjelp, tek kriseteamet kontakt med 2. linjetenesta.
- Fastlege skal vurdere om det er behov for behandling med spesialist eller med 2. linjetenesta.
- Krisetemaet bør vurdere i enkelte situasjonar om oppfølgingssamtaler er nødvendig/ynskjeleg frå dei berørte (i enkelte høve kan det òg vere viktig at vi i kriseteamet som har vore involverte i etterkant, t.d. tek kontakt på «merkedagar»).

Før tilbaketrekking skal ein avtale kven som skal ta seg av ei eventuell oppfølging og tidfeste kor lenge oppfølginga skal vare.

## **8.1 Kontinuitet og bevaring av beredskap.**

- Krisetemaet skal møtast kvart halvår for å oppretthalde kontakt i gruppa, og for å evaluere funksjonar.
- Leiari i gruppa er driftssjef i Familie og Helse.
- Bremanger kommune skal syte for at kvart medlem i kriseteamet får nødvendig grunnopplæring.

## **9.0 UTGIFTER**

Det vert årleg sett av kr. 40 000,- til Bremanger kommune sitt kriseteam, og dette skal førast på budsjettet til Familie og Helse, psykisk helsearbeid. Dette skal dekke utgifter til løn, reiser og anna der kriseteamet er aktivert.

*Kriseberedskap i fritid:* Når tilsette er sett i kriseberedskap på fritid, vert dette godtgjort med ordinær timeløn rekna ut som heimevakt (AML §10-4): 1 time for kvar 5.time. Det vert ikkje

betalt overtidstillegg på godtgjeringa. Driftssjefar avspaserer time for time utover vanleg arbeidstid.

## **10.0 INNKVARTERING**

Dersom hendingar fører til behov for å samle menneske i grupper, bør ein nytte ledige kommunale husvære. Dette kan vere skulebygg, samfunnshus, institusjonar eller andre husvære på den aktuelle staden.

For kommunale husvære ta kontakt med personalavdelinga.

## **11.0 OPPDATERING AV PLANEN FOR KRISETEAMET**

Planen vert oppdatert i samsvar med det som er bestemt i overordna beredskapsplan i Bremanger kommune.

## **12.0 TEIEPLIKT FOR KRISETEAMET**

- Samtykke til krisehjelp skal vere munnleg eller skriftleg frå den kriseråka.
- Det er viktig å ta omsyn til teieplikta.

## **13.0 DISTRIBUSJON AV PLANEN**

Planen er å finne:

- Bremanger kommune si heimeside  
[www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no)
- Kvalitetslosen (delplan til den overordna beredskapsplan for Bremanger kommune)

Planen vert sendt per e-post til:

- Svelgen og Hauge legekontor
- Medlemmane i psykosocialt kriseteam
- Leiar for overordna beredskapsplan
- Amk- Førde (113)
- Sunnfjord og Ytre Sogn Interkommunale Legevakt (116117)

## Vedlegg 1

# Bremanger kommune sitt psykososiale kriseteam.

## Kriseteam per 01.05.2019

Leiar i kriseteamet	Anita Brevik	95982939 / 91302139
Psykisk helsearbeid	Ivar Øien	91658523 / 45632391
Psykisk helsearbeid	Astrid Johanne Vårdal	95982989 / 95199878
Barnevern	Idun Mjåseth	91750143 / 90200931
Helsestasjon	Kari J. Rise	95982965 / 95159805
Helsestasjon	Hilde O. Myklebust	90726020 / 48042442
Helsestasjon	May Brit Berle	95982964 / 95749030
Open omsorg	Karine Igland	95982940 / 95970506
Open omsorg	Hilde Greta Hauge	95989310 / 90619941
Oppvekst	Jens Sigdestad	57794888 / 99263888
Oppvekst	Ingeir Løvold	97586587
Politi	Espen Gulliksen	57796630 / 47466663
Prest	Gunnar Torset	99711401

Vedlegg 2

## Logg ved oppdrag av kriseteamet